



Ester Mørstad var innom og sikra seg julebrød like etter opning laurdag.

**Det er travle tider hos Elins Matgleder. Mange vel å sikra seg julebaksten og minst 7 sortar ved å handla der. Då eg var innom utsalget på Feet laurdag like etter opning, var det jamn straum av kundar. Det gjekk då unna med salg av julebrød, julekjeks julekonfekt og gjærbakst. Dessutan var det også henting av bestilte varer som snittar.**

Elin Enes sjølv, som var sentral i Damevennene sitt vellukka førjulsarrangement kvelden før, kunne fortelja at det var å stå opp i 3-tida for å ha fersk gjærbakst klar i butikken til opning. Elles har ho no eit rikt og variert utval i både julekjeks og julekonfekt. Ho fortel at ho no stort sett er å treffa i butikken heile dagane då ho er der og jobbar. Rett nok kan ho vera vanskeleg å treffa mellom kl.15 og 17.

- Då har eg levering av middag til Fitjar Mekaniske og oppfølging av barn med lekser og anna, seier ho.

Ferske julebrød har ho på laurdagane, og då prøver ho også å ha bollar og annan gjærbakst. Elin er flink å bruka facebook-sida si, og dei som føl Elins Matgleder der, vil vera godt oppdatert når det gjeld det ho tilbyr fram til jul. Elin har svært god hjelp av eldstedottera Anine i denne travle førjulstida.

Elles deltar Elins Matgleder på julemarknader. I tillegg til Uskedalen har dei vore i Rosendal og på Halsnøy, og komande søndag skal dei til Nå på julemesse.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland